



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
100/26	Formannskapet	01.09.2026
	Kommunestyre	

Tertialrapportering 2. tertial - budsjettregulering

Samandrag:

Kommunedirektøren viser til at kommunen auka rammene med kr 4.500.000 etter 1. tertial, med kr 3.400.000 etter revidert statsbudsjett og kr 1.000.0000 etter berekninga av Havbruksfondet frå Kontali hausten 2025. Denne auka i budsjettet var fordelt på straum, forsikring og overtid.

Kommunedirektøren viser til at nye berekningar viser at kommunen vil motta kr 7.700.000 i utbetaling frå Havbruksfondet - noko som er ein reduksjon på kr 4.400.000 i høve budsjetterte inntekter. Vidar stipulerer vi auke i sosialstønad med kr 3.000.000; auka kostnad til private barnehage med kr 1.500.000, reduserte inntekter til ressurskrevjande brukarar med kr 2.000.000 samt auka overtidsutbetaling på kr 2.500.000. Dekking av underskot frå 2024 ligg allereie inne, men dersom vi òg legg til dekking av underskot for 2025 på kr 3.300.000, så påverkar dette utgiftssida med kr 16.700.000.

Vidare viser kommunedirektøren til at vi får auka inntekter med kr 800.000 i utbytte frå Tussa AS; auka inntekter med sal av konsesjonskraft på kr 3.700.000; auka renteinntekter med kr 1.500.000; auka flyktningmidlar med kr 4.000.000; reduserte pensjonsutgifter med kr 6.000.000 og reduksjon i barnevern med kr 2.700.000. Totalt påverkar dette inntektsida med kr 19.000.000.

Stipulering av årsprognosa etter desse budsjettreguleringar vi vere kr 2.300.000 i mindreforbruk og som kan avsetjast til disposisjonsfond.

Formannskapet 01.09.2026

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - Ap 2, Frp 1, H 1, INP 1, SP 2

Stemmer:

Nils Olav Moen (INP)

Per-Johnny Brekke (H)
Merete Vatne (SP)
Paul Sindre Vedeld (SP)
Njål Sivertstøl (Ap)
Caroline Juul (Ap)
Elisabet Lauvstad Haugen (Frp)
Mot: 0 stemmer (0%)

FO - 100/26 Vedtak

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunen sitt driftsbudsjett vert regulert på følgjande måte:

1. Inntektssida vert regulert med følgjande postar (netto +3.600.000)

- Havbruksfondet vert redusert med kr 4.400.000
- Tilleggskompensasjonen vert redusert med kr 2.000.000
- Utbyte frå Tussa AS aukar med kr 800.000
- Inntekter frå sal av konsesjonskraft aukar med kr 3.700.000
- Renteinntekter aukar med kr 1.500.000
- Flyktningtilskotet aukar med kr 4.000.000

2. Utgiftssida vert regulert med følgjande postar (netto –1.700.000)

- Overføring til NAV til utbetaling av sosialutgifter aukar med kr 3.000.000
- Utgifter til private barnehagar aukar med kr 1.500.000
- Overtidsbetaling i helse- og omsorgssektoren aukar med kr 2.500.000
- Pensjonskostnaden vert redusert med kr 6.000.000
- Overføring til barnevern vert redusert med kr 2.700.000

3. Dekking av tidlegare års meirforbruk

- Meirforbruket frå 2025 på kr 3.300.000 vert dekt inn i sin heilskap i 2026

4. Avsetting til disposisjonsfond

- Det blir avsett kr 2.000.000 til disposisjonsfond

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunen sitt driftsbudsjett vert regulert på følgjande måte:

1. Inntektssida vert regulert med følgjande postar (netto +3.600.000)

- Havbruksfondet vert redusert med kr 4.400.000
- Tilleggskompensasjonen vert redusert med kr 2.000.000

- Utbyte frå Tussa AS aukar med kr 800.000
- Inntekter frå sal av konsesjonskraft aukar med kr 3.700.000
- Renteinntekter aukar med kr 1.500.000
- Flyktningtilskotet aukar med kr 4.000.000

2. Utgiftssida vert regulert med følgjande postar (netto –1.700.000)

- Overføring til NAV til utbetaling av sosialutgifter aukar med kr 3.000.000
- Utgifter til private barnehagar aukar med kr 1.500.000
- Overtidsbetaling i helse- og omsorgssektoren aukar med kr 2.500.000
- Pensjonskostnaden vert redusert med kr 6.000.000
- Overføring til barnevern vert redusert med kr 2.700.000

3. Dekking av tidlegare års meirforbruk

- Meirforbruket frå 2025 på kr 3.300.000 vert dekt inn i sin heilskap i 2026

4. Avsetting til disposisjonsfond

- Det blir avsett kr 2.000.000 til disposisjonsfond

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren viser kommunestyret sitt vedtak 15. september 2025 i k-sak 91/25, der økonomireglementet vart endra slik at kommunedirektøren ikkje lenger skal legg fram ein tertialrapport. Det blir vidare vist til at kommunestyret i vedtak 15. desember 2025 i k-sak 120/25 endra økonomireglementet knytt til budsjettendringar gjennom året, og at det var vedteke at endringar over kr 500.000 skal orienterast om i referatsak. Kommunedirektøren vil likevel i ein overgangsfase i 2026 utarbeide ein enkel tertialrapport og fram til tekstorienteringa i sanntid kjem på plass for alle månadane.

Kommunen mottok 25. august 2026 ny utrekning frå Kontali knytt til utbetaling frå Havbruksfondet. Utrekninga viser ei utbetaling på kr 7.700.000, noko som er kr 4.400.000 lågare enn budsjettert.

Med bakgrunn i prognosane frå NAV stipulerer kommunedirektøren ein auke i sosialutgiftene på kr 3.000.000.

Ulstein kommune, som utfører utrekninga av tilskot til private barnehagar, har varsla ein auke i overføringa på kr 1.500.000.

Helsedirektoratet har gitt tilbakemelding om at kommunen ikkje mottok tilleggskompensasjon for ressurskrevjande brukarar. Dette gir ein reduksjon i inntektene på kr 2.000.000.

Ved rapporteringa for 1. tertial vart budsjettpostane for overtidsbetaling auka med kr 2.400.000. Dette har vist seg ikkje å vere tilstrekkeleg, og kommunedirektøren tilrår ein ytterlegare auke på kr 2.500.000 i 2. tertial. Overtidsbruken i helse- og omsorgssektoren må sjåast i samanheng med sjukefråværet, som per 2. tertial ligg på 10,4 % mot eit fastsett mål på 8,5 %. Høgt fråvær i turnusbaserte tenester med lovpålagt bemanning gir direkte utslag i overtid, og tiltak mot sjukefråværet er difor også eit økonomisk tiltak. Kommunedirektøren vil følgje dette tett i andre halvår.

Postar som styrkjer resultatet

Utbyttet frå Tussa AS aukar med kr 800.000, og inntektene frå sal av konsesjonskraft aukar med kr 3.700.000 som følgje av prisutviklinga. Renteinntektene aukar med kr 1.500.000, og flyktningtilskotet aukar med kr 4.000.000.

Pensjonskostnaden vert redusert med kr 6.000.000 i tråd med oppdatert aktuarberekning.

Overføringa til barnevernet vert redusert med kr 2.700.000. Reduksjonen skuldast at kommunen ikkje lenger har barn i institusjonsplassering. Kommunedirektøren understrekar at reduksjonen er ei følgje av endra tiltaksbehov, og ikkje av eit redusert tenestenivå eller ei innstramming i barnevernet si verksemd. Tenesta har same bemanning og same terskel for tiltak som tidlegare, og budsjettet vil bli styrkt att dersom behovet endrar seg.

Samla oppsett:

Inntektssida vert regulert med følgjande postar (netto +3.600.000)

- Havbruksfondet vert redusert med kr 4.400.000
- Tilleggskompensasjonen vert redusert med kr 2.000.000
- Utbyte frå Tussa AS aukar med kr 800.000
- Inntekter frå sal av konsesjonskraft aukar med kr 3.700.000
- Renteinntekter aukar med kr 1.500.000
- Flyktningtilskotet aukar med kr 4.000.000

Utgiftssida vert regulert med følgjande postar (netto –1.700.000)

- Overføring til NAV til utbetaling av sosialutgifter aukar med kr 3.000.000
- Utgifter til private barnehagar aukar med kr 1.500.000
- Overtidsbetaling i helse- og omsorgssektoren aukar med kr 2.500.000
- Pensjonskostnaden vert redusert med kr 6.000.000
- Overføring til barnevern vert redusert med kr 2.700.000

Samla gir dette eit handlingsrom på kr 5.300.000, med auka inntekter på kr 3.600.000 og reduserte utgifter på kr 1.700.000.

Dekking av tidlegare års meirforbruk

- Meirforbruket frå 2025 på kr 3.300.000 vert dekt inn i sin heilskap i 2026 og det blir vist til at meirforbruket i 2024 allereie ligg inn med inndecking i budsjettet.

Avsetting til disposisjonsfond

- Etter inndeckinga står det att kr 2.000.000, som kommunedirektøren tilrår vert avsett til disposisjonsfond.

Prognose og vidare oppfølging

Sanntidsrapporteringa viser eit meirforbruk før desse budsjettendringane. Når budsjettreguleringane for 2. tertial er lagde inn, vil dette vise eit mindreforbruk på kr 2.000.000. Kommunedirektøren legg til grunn at det kan bli behov for ytterlegare budsjettregulering hausten 2026, og ei slik sak vil i tilfelle bli lagd fram for kommunestyret 23. november 2026.

Andre måltal

Sjukefråværet er på 10,4 %, der 1,2 prosentpoeng er korttidsfråvær. Samla ligg fråværet 1,9 prosentpoeng over det fastsette målet på 8,5 %.

Elevfråværet i skuleåret 2025/26 er på 6,1 %, mot eit samanlikningsgrunnlag på 5,5 %. Kommunedirektøren understrekar at det i dag ikkje finst nasjonal statistikk for elevfråvær på 1.–9. trinn; Utdanningsdirektoratet publiserer berre tal for 10. trinn. Tala for Vanylven byggjer difor på kommunen sine eigne registreringar i vårt oppvekstsystem (Vigilo) og

samanlikningsgrunnlaget på 5,5 % er stipulert. Tala må difor lesast som ein indikasjon på utvikling over tid i eigen kommune, og ikkje som eit måltal som kan samanliknast med andre kommunar.

Talet på ubehandla politiske saker ligg noko høgt, og det same gjeld HR-saker. Begge områda har kommunedirektøren merksemd på, og dei vil bli prioriterte hausten 2026.

Administrasjonen har i meir enn eit år arbeidd systematisk med saksbehandling og saksbehandlingstid for inngåande saker som blir registrerte i sak- og arkivsystemet. Kommunedirektøren viser til sanntidsrapporteringa og konstaterer at kommunen no har kontroll på denne restansen.

Budsjettregulering driftsbudsjett

Kommunedirektøren viser til at det blir tilrådt følgjande endringar på finans - kommunens driftsbudsjett:

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vil tilrå at budsjettendringane blir vedteke slik det er tilrådt.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Budsjettendringane vil gi betre informasjon om resultatet

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør